



Til: Kommunane i Hordaland og Hordaland fylkeskommune

## Utsetting av FylkesROS Hordaland 2015

Fylkesmannen i Hordaland har revidert rapporten FylkesROS Hordaland. Førre versjon låg føre i 2009. Rapporten er ein risiko- og sårbarheitsanalyse som tek føre seg dei fleste risikotilhøva Hordalands-samfunnet må planleggje for å kunne ta hand om. Vedlagt dette brevet er ein kopi av rapporten. Ved behov for ytterlegare eksemplar viser vi til våre nettsider, <http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Nyhende-samfunnstryggleik-og-beredskap/FylkesROS-Hordaland-2015/>.

Eit mål med FylkesROS er at det skal vere eit grunnlagsdokument for det vidare arbeidet med ROS-analysar i fylket. Dokumentet legg viktige føringar for oppfølging i kommunane, i fylkeskommunen og i andre organisasjonar med beredskapsansvar.

ROS-analysane i rapporten syner mellom anna ulike forhold som kan representere ein risiko for folk i fylket. Fokus er på hendingar som kan setje samfunnet på uvanleg store prøvar. Følgjande hovudtema er vurdert i rapporten:

- Naturhendingar
- Svikt i kritisk infrastruktur
- Epidemiar og helseberedskap
- Store ulykker og masseskadar
- Atomulykker og radioaktiv stråling
- Akutt forureining

Det er i tillegg ein kort omtale av viljestyrte hendingar. Etter Fylkesmannen sitt syn er dei mest alvorlege scenariora for Hordaland knytte til sesonginfluensa, pandemi, (tunnel-) ulykker med farleg stoff, ulykke med cruiseskip og lengre straumstans for olje- og gassindustrien.

Samanlikna med FylkesROS 2009 er det i 2015-versjonen via større merksemd til klimaendringar, medan til dømes sjukdomar innan fiskeri og landbruk ikkje er omtalt i denne versjonen av FylkesROS. Avsnitt 1.5 i rapporten gjev ein heilskapleg oversikt over endringar i FylkesROS frå 2009 til 2015. Vi syner til FylkesROS 2009 for omtale av dei tema som ikkje er tekne med i 2015-utgåva.

Med helsing

Arve Meidell  
fylkesberedskapssjef

Mads Munkejord  
Seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift.*